

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teams
Dato: 12. desember 2025
Klokkeslett: 09.00-10.30

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 5. desember 2025

DAGSORDEN	1
Saksliste byvekstavtalen.....	1
Sak 67/25 Godkjenning av innkalling og saksliste	1
Sak 68/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 13.06.2025	1
Sak 69/25 Høyringsuttale til forslag til nye indikatorar for areal og parkering.....	2
Sak 70/25 Sluttrapport BT4 - Bybanen	3
Sak 71/25 Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer – aksept for ny ramme og utlysing	3
Sak 72/25 Eventuelt, byvekstavtalen	4
Saksliste bypakke Bergen	4
Sak 73/25 Forslag om å endre elbilrabatten i Bergen til 30 prosent	4
Sak 74/25 Takstvedtak for prisjustering av takstane i Bypakke Bergen.....	4
Sak 75/25 Eventuelt, bypakke Bergen.....	5

Saksliste byvekstavtalen

Sak 67/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 68/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 13.06.2025

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 69/25 Høyringsuttale til forslag til nye indikatorar for areal og parkering

Sjå vedlegg 2 og 2 a

Bakgrunn og føremål

Staten følgjer opp areal- og parkeringspolitikken i kommunane som har byvekstavtaler gjennom eigne indikatorar for arealbruk og parkering. Indikatorane blir nytta til å rapportere på måloppnåing i avtalen, og er supplerande indikatorar til byindeksen som er hovudindikator for nullvekstmålet. Rapportering på indikatorane blir gjort til departementet og blir i tillegg presentert i Miljøløftet si årsmelding.

Ei arbeidsgruppe har vurdert indikatorane for arealbruk og parkering i byvekstavtalene. Mandatet til gruppa har vore å drøfte behovet for å justere eller supplere indikatorsettet slik at dei blir betre eigna til oppfølging av areal og parkering som del av byvekstavtalen.

Prosess

Arbeidsgruppa har lagt fram eit forslag til korleis desse indikatorane skal vere (sjå vedlegg 2). Sekretariatet har blitt bedt om å innhente høyringsuttaler frå partane og sende inn eit samla innspel til kommunal og distriktsdepartementet. Partane utarbeidde høyringsinnspel og sendte innspela til sekretariatet med first 6. november 2025. Etter dette har saka vore drøfta både i samordningsfunksjonen og i prioriteringsrådet. Frist for å sende høyringsinnspel til departementet var 28. november 2025, men sekretariatet har fått utsett høyringsfrist til 15. desember 2025 slik at høyringsuttalen også kan drøftast i styringsgruppa.

Proessen vidare blir at arbeidsgruppa gir si endelege tilråding til Samferdselsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet etter vurdering av høyringsinnspela. Departementa vil vurdere tilrådingane og avgjere eventuelle endringar i gjeldande indikatorsett for byvekstavtalane. Byområda skal fortsette å rapportere på gjeldande indikatorar for 2025 inntil vidare.

Innhald i forslaget og partane sine høyringsuttaler

Vedlegg 2 a er forslag til høyringsuttale frå Miljøløftet. I forslaget går følgjande fram:

1. Oppsummering av innhaldet i arbeidsgruppa sitt forslag. Heilt overordna inneber forslaget følgjande:
 - Indikator for *areal* går frå å måle nye bustadar/arbeidsplassars gjennomsnittlege avstand til sentrum, til å måle kor stor del av nye bustadar/arbeidsplassar som kjem innanfor ei definert sone der det er lett å velje kollektiv, sykkel eller gange.
 - Gjeldande indikatorar for *parkering* blir vidareført, men det skal også bli gitt ein supplerande kvalitativ omtale av parkeringspolitikken.
2. Oppsummering av høyringsuttalene frå partane. Frå partane blir det mellom anna stilt spørsmål ved

- Bakgrunnen for kriteria for definering av sonene. Sonene blir definert ut frå ein avstand frå sentrum som er kortare enn det som ligg til grunn i lokale og regionale planar.
 - Om ein kan risikere negative resultat målt etter det nye forslaget til indikator, medan resultatet samtidig er positivt sett i høve til lokale og regionale planar
3. Sekretariatet sitt innspel til dei føreslåtte indikatorane
 - a. Sekretariatet peikar på punkt i forslaget som kunne ha vore tydelegare, og som ikkje allereie er nemnt i partane sine høyringsuttaler
 4. Partane sine enkeltvise høyringsuttaler

Til drøfting

Spørsmålet er om forslaget til nye indikatorar vil gi betre oppfølging av areal og parkering enn i dag. Vidare er spørsmålet om utkastet til oppsummering av partane sine uttaler får fram dei vesentlege merknadene styringsgruppa ønskjer å spele inn.

Forslag til vedtak: Sekretariatet vil sende eit høyringsinnspel til kommunal- og distriktsdepartementet som inneheldt:

- Oppsummering av partane sine høyringsuttaler
- Eventuelle innspel frå styringsgruppa
- Sekretariatet sine eigne innspel til dei føreslåtte indikatorane for areal og parkering
- Partane sine enkeltvise høyringsuttaler

Sak 70/25 Sluttrapport BT4 - Bybanen

Sjå vedlegg 3 og 3a

Bybanen byggetrinn 4 (Kaigaten–Fyllingsdalen) og tilhøyrande sykkelstamveg er no ferdigstilt og i denne saka blir sluttrapporten lagt fram. Sluttrapporten oppsummerer gjennomføring, måloppnåing, økonomi og erfaringar. I rapporten blir det peika på at erfaringane frå byggetrinn 4 er viktige i etableringa og førebuinga av kommande byggetrinn for bybanen.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 71/25 Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer – aksept for ny ramme og utlysing

Sjå vedlegg 4

Vestland fylkeskommune ser at føresett kostnadsramme til tiltaket Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer er for låg og må aukast før utlysing. Tiltaket er klart for utlysing i desember 2025. Fylkeskommunen ber med dette om tilslutning frå styringsgruppa til at den økonomoske ramma for prosjektet blir auka. Det er venta at kostnadane vil vere noko over det som er omtalt i handlingsprogram 2026-2029.

Saka har ikkje vore til behandling i prioriteringsrådet. For å sikre framdrift i gjennomføringa av prosjektet ønskjer fylkeskommunen at styringsgruppa behandlar saka i dette møtet.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa gir tilslutning til at tiltaket Fv5324 Hagerupsvei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer kan lysast ut, og legg til grunn ei ny økonomisk ramme på 89, 132 mill. 2025-kr for tiltaket.*

Sak 72/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 73/25 Forslag om å endre elbilrabatten i Bergen til 30 prosent

Sjå vedlegg 5 og 5a

[Byrådet i Bergen](#) foreslår å justere ned elbilrabatten. Taksten for bensin og dieslbilar blir foreslått å bli på dagens nivå, mens elbilrabatten er foreslått justert ned frå 57 til 30 prosent. I dag har elbilar ein rabatt på 57 prosent samanlikna med bensinbilar i bomringen. Elbildelen er stadig aukande.

Byrådet viser til at trafikken i Bergen aukar, samtidig som gjennomsnittstaksten i bomringen er fallande. Det langsiktige inntektsgrunnlaget vil også bli ytterlegere redusert om det ikkje blir gjort endringar i rabattordningane for elbil. Byrådet ser behovet for å justere rabatten for elbil for å finansiere prosjekta i bypakke Bergen og halde nullvekstmålet.

Sekretariatet har fått opplyst at bystyret i Bergen vil fatte vedtak i saka i 28. januar 2026.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 74/25 Takstvedtak for prisjustering av takstane i Bypakke Bergen

Vedlegg 6

I prop. 11 S (2017 - 2018) om finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland, no Vestland, står det at Samferdselsdepartementet legg til grunn at takstane i Bypakke Bergen kan justerast i samsvar med konsumpris.

Gjennom vedtak i sak 69/18 gav styringsgruppa i Miljøløftet Ferde fullmakt til å søke om å justere bompengetakstane når: «*prisøkning i forhold til konsumprisindeks er oppnådd, og når denne utgjør en hel krone på ordinær takst. Styringsgruppen får sak om prisjustering til orientering.*»

Vegdirektoratet har på bakgrunn av søknad frå Ferde fatta vedtak om prisjustering av takstane i Bypakke Bergen i januar 2026, i takt med prisveksten siste år.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 75/25 Eventuelt, bypakke Bergen